

Årsmelding

År

2007

Innhald :

Hovudtal
Styret si årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Noter
Revisjonsmelding

Hovudtal

Tal i 1000 kr

RESULTATREKNESKAP	2007	2006	2005
Sum salg	4 764	3 272	44
Driftsresultat	-1 359	-859	-187
Årsresultat	-1 014	-639	-131
BALANSE	2007	2006	2005
Sum gjeld og egenkapital	4 366	4 361	1 145
Eigenkapital	499	1 514	950

Styret si årsmelding

1. VERKSEMDA

Tysnes Breiband AS (TB) vart stifta 25. april 2005 og er eigd av Tysnes Kraftlag PL, Alsaker Fjordbruk AS Tysnes Sparebank og Tysnes Kommune.

Selskapet si verksemd er levering av innhald innan kommunikasjon på etablert fiber infrastruktur samt breiband over radio. Selskapet vil og samarbeide med andre aktørar innan kommunikasjon, slik at Tysnes samfunnet får ein fullgod kommunikasjonsveg i kommunen og mot resten av samfunnet for privat- og næringslivskundar.

Selskapet har hovudkontor i Tysnes Kraftlag sine lokale i Våge.

Selskapet har oppdragsavtale med Tysnes Kraftlag om kundefakturering, rekneskap, lønn, teknisk drift, kontorleige og dagleg leing.

TB har ein aksjekapital per 31.12.07 på 1.268.000,- fordelt på 1268 aksjar totalt innbetalt eigekapital er 1.802.400,-. Teikningskurs var satt til NOK 1.800,- per aksje som er pålydande NOK 1.000,-.

Overkursen på NOK 800,- er lik den overkursen som P/L Tysnes Kraftlag har teikna i samband med stifting av, og aksjeutviding i Tysnes Breiband AS i år 2005.

Det er for tida 4 aksjeeigar i selskapet.

TB arbeider kontinuerleg og målretta med betring av selskapet og legg særleg vekt på tilhøvet til kundar, medarbeidarar samt helse, miljø og tryggleik.

Styre: Karl Lunde (styreleiar)

Audun Magnussen (nestleiar)
Gerhard M. Alsaker (styremedlem)

Dagleg leiar:
Steinar Austefjord

TB eig og driv radioutstyr som er montert hjå kundar og i fordelingsmaster i kommunen. TB kjøper innhaldstenester frå samarbeidspartnar Haugaland Kraft AS til kundane sine.
TB leiger fiberinfrastruktur hjå Tysnes Kraftlag PL

I 2007 var det totalt 1 tilsett i selskapet, fordelt på 1 årsverk.

2. FRAMHALD AV DRIFT.

Årsoppgeret er lagt fram under føresetnad av at drifta av selskapet held fram.
Eit samla styre meiner at vidareføring av drifta i Tysnes Breiband vil vera det beste for eigarane.

3. ARBEIDSMILJØ, PERSONALE OG LIKESTILLING.

Det er ikkje registrert sjukefråver dette året.
Det er utarbeida organisasjonsplan innehaldande strategisk plan, målsetjing HMS, HMS ansvar, funksjonsplan, bemanningsplan, funksjonsbeskriving, tilsetjingskontrakt og kompetanseplan.
Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulykker i 2007.
Styret er samanstilt av 3 representantar frå eigar og andre der alle er menn.
Det var tilsett 1 mann som slutta i år 2007 og det er tilsett ei ny kvinne.
Hovudverksemda til TB er drift av infrastruktur som krev eigen fagutdanning, TB vil likestille kvinner med lik fagutdanning ved utlysing av stilling ledig.

4. DET YTRE MILJØ.

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø.

5. OM DRIFTA.

Drifta i 2007 har gått som planlagt utan store avbrot.
Styret har prioritert val av leveringsområde for breiband slik at ein får flest mogleg kundar i selskapet.
Ved utgangen av året var det kontrahert om lag 600 kundar på fiber og 50 på radio.
Samarbeid med andre i same bransje har stort fokus og styret har plan for å auke tryggleiken for levering i nettet.
Styret har og gjennom sitt arbeid påverka leverandør av innhald til å komme opp med produkt tilpassa kundemassen i tysnessamfunnet.

6. OM ÅRSREKNESKAPEN.

Driftsresultatet for 2007 vart kr – 1.359.000, som er som budsjettet (budsjett var – 1.379.000,-).
Dette er andre heile driftsår og vi føl langtidsplanen for selskapet som har som mål å få 1000 kundar tilknytt produktpakkar til år 2010.

Resultat

Resultatrekneskapen syner eit årsresultat på kr -1 014 633,-(mot -638.894,- i 2006)
Selskapet arbeider ut frå ein plan som vil gje overskot etter år 2010. Overskot er i stor grad avhengig av talet på nye kundar. Selskapet har avtale med Tysnes Kraftlag om understøtting fram til år 2011 inntil fastsette grenser.

Radiotenester

TB overtok radiosendeutstyr frå Tysnes Kraftlag ved etablering, dette består i hovudsak av to system, eit enklare utstyr med mindre kapasitet levert frå Lunde, Tysnes og Uggdal og eit meir framtidretta system levert frå Onarheim.
Radiobreiband vil ikkje etter planane gje inntening i framtida, men ein ser det som viktig å oppretthalde dette til ein får eit tilbod om fiber som avløyser radio.

Fibertenester

TB leverer Altibox produktet over fiber til dei kundane som har tinga fiber frå Tysnes Kraftlag.

Balanse

Balansen er oppstilling av eignalutane til Tysnes Breiband som er i samsvar med historisk kostpris og avskrivningar for anlegga.

7. FRAMTIDIG UTVIKLING.

Tysnes Breiband har hatt stor suksess med leveranse av Altibox produktet og det er høg tilknytingsprosent i dei forskjellige bygdene.

Vi ser og at andre som har satsa på eigne eller andre produkt enn Altibox vel å gå over til å levere fiber og Altibox innhald. Det er i dag over 130 000 Altibox kundar og produktet vert stadig forbetra og fornya. Vi ser for oss at det innan kort tid vil komme "hytteprodukt", "mobiltelefoni", "sikker lagring", "alarm" og kundetilpassa innhald i same produktet.

Styret har stor tru på at samtida vil tvinge fram gode kommunikasjonsløyisingar for private og næring og meiner at valde satsing på innhaldsprodukt over fiber vil vere ei god og etterspurd teneste i samtida.

8. RISIKO.

Fibertenster

Den største risiko her er fysisk brot av fiber eller havari av sentrale elektroniske komponentar. Styret vil i samarbeid med Tysnes Kraftlag arbeide for at det vert bygd fleire føringsvegar inn til Tysnes og eit system som kan handtere reell tryggleik for innhaldsleveransen ikkje fell bort. Dette har ein ikkje i dag men har dette året fått inn fiber frå Stussvik og til Langeland i tillegg til Flygansvær. Det gjenstår no å få avtale med dei andre fiberleverandørane i området om full redundans. Når det gjeld dei største elektroniske komponentane så er det kjøpt inn reserve som vert lagra på Tysnes, andre komponentar rekna ein med å få tilgang på innan 24 t då det er bygd like system i andre nabokommunar.

Radiotenester

Dette er ei delt teneste med større risiko for dårleg kapasitet til kunde, men vert solgt som lavkapasitetsprodukt

Finans

Tysnes Kraftlag har vedteke å understøtte Tysnes Breiband fram til år 2011 opp til det nivået som langtidsbudsjettet for Tysnes Breiband har i denne perioden. Denne understøttinga vert gjort til marknadsrenter.

Det er kontrollerbare kostnader per nye kunde slik at risikoen er spreidd over kundemassen. Når det gjeld felles elektronikk vert denne omfatta av forsikringar i Tysnes Kraftlag.

9. OVERFØRINGAR.

Årsresultat	NOK	-1 014 633,-
Avsatt til dekking av tidlegare udekka tap	NOK	0,-
Overført frå overkursfond	NOK	0,-
Sum overføringar	NOK	-1 014 633,-

Tysnes, den 20. juni 2008
I styret for Tysnes Breiband AS

Karl Lunde

Audun Magnussen

Gerhard M. Alsaker

Steinar Austefjord